



Stridens eple - ved utløpet av elva (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fylkesmannen har likevel trukket motsegna til reguleringsplanen for turistanlegga i Uskedalen og planen er dermed godkjent slik kommunestyret har vedteke.

Dette er ein gladsak som kan bety mykje for utviklinga i bygda. Saka var no undervegs til departementet for endeleg avgjerd.

I brevet sitt skriv Fylkesmannen at dette er eit resultat av dei nye statlege retningslinene for forvaltning av strandsona.

I lys av desse har Fylkesmannen gått igjennom saka pånytt og finn at motsegna kan trekkjast sidan Kvinnherad ligg i den minst strenge sona og planen skal fremja næringsutvikling. Dette er den første planen der dei nye statlege retningslinene har gjeve utslag for Kvinnherad, skriv kommunen på nettsida si.

Motsegna gjeld campingområde C3, det vil seie dei faste installasjonane til Rabben feriesenter langs elva på odden.

Kommunen gjennomførte i vår mekling med Fylkesmannen utan resultat. Likevel vedtok kommunestyret reguleringsplanen i mai, men med motsegn måtte planen sendast miljøverndepartementet for stadfesting.

Planen skal da gå via motsegninstansen, i dette tilfelle Fylkesmannen. Det er som svar på denne oversendinga at Fylkesmannen har trukket motsegna.

Av Ola Matti Mathisen